



Harald Sætre gjorde ein god figur på Sommeråpent frå Bergen(Foto: Kristian O. Bringedal)

Vi har tidlegare omtala at det var stoff tilknytta Uskedalen i NrK-serien Sommaråpent både fredag og lørdag. Også dagen før, torsdag, under sendinga frå Bergen fekk ein uskedeling betydeleg plass i det populære programmet. Det var veteranbåtentusiastten Harald Sætre.

Sætre vart intervjuva i samband med at Fjordsteam vart arrangert i Bergen. Fjordsteam er ei storsamling av gamle fjordabåtar. Der kunne ein sjå gamle dampbåtar, rutebåtar og gamle ferjer. Ei skikkeleg veteranbåtsamling!

I den samanhengen var det nok naturleg å intervjuva nettopp Harald Sætre som har vore ein markant

veteranbåtentusiast i lang tid. I eit intervju på 3-4 minutt kom han med gode og informative svar der han delte kunnskapen sin om emnet.

De kan sjå intervjuet med Sætre ved å klikke på denne [lenkja](#). Det kjem om lag 24 minutt uti programmet.

Av: Thor Inge Døsland.